



## Voss HPK lyser ut stilling som Dagleg leiar i 100 %

VHPK er Norges største Hang ,speed og paragliderklubb med omlag 800 medlemmar. Me søker no etter dagleg leiar i 100 % stilling .

Drifta av klubben er i dag er i dag basert på frivillig dugnadsarbeid av engasjerte medlemmar. Ved å tilsette dagleg leiar i klubben ynskjer me meir struktur på dagleg drift av klubben. Me ynskjer ein dagleg leiar som tek utfordringa med å vidareutvikle klubben frå det den er i dag, til ein strukturert og meir profesjonell organisasjon . Ein dagleg leiar som ser potensialet og mogleg utvikling av klubben som eit gode for alle våre medlemmar. Dagleg leiar har ansvaret for drift, planlegging og gjennomføring av av ulike arbeidsoppgåver i klubben.

### Arbeidsoppgåver

- Ansvar for det administrative arbeidet i klubben.
- Ansvar for økonomi og utarbeiding av budsjett.
- Administrere systemer og rutiner, bestillinger, nettside og info på sosiale medier
- Aktiv rekruttering til kurs, tandem og arrangement for sesongen.
- I samarbeid med skulesjef, planlegge kurs og rekruttering av instruktørar for sesongen
- Følge opp arrangement og arrangementsansvarlige.
- Følge opp prosjekt som styret delegerar til dagleg leiar.
- Administrativt arbeid med drift av klubben sine lokaler og materiell.
- Oppfølging av dugnadsarbeid

Me søker dagleg leiar som er :

- Sjølvstendig, og utøver delegerende leiarskap.
- Som arbeidar for å gje medlemmar eit variert tilbud til å utvikle seg og klubben på det idrettslege og det organisatoriske plan.
- Som er oppteken og trives i eit åpent og inkluderande miljø, og sørger for åpen og tydelig kommunikasjon i alle ledd.
- Målretta til å gjera sesongen til «sin» med fokus på medlemmer og rekruttering.
- Innehavar av tandem og instruktørlisens i Hang-,para-og speedgliding er ein fordel.

Stillinga er prega av sesongvariasjoner, variert og ubekvem arbeidstid i sesong.

Stilling i 100% forutset noko operativt arbeid som kursverksemd og tandem. Dette kan tilretteleggast etter den rette kandidaten sine ynskjer og kvalifikasjonar.

Dagleg leiar rapporterar til styret.

Lønn etter avtale.

Basert på NLF sitt mål om å auke andelen kvinner i leiarstillingar til 15 % ,oppmodar me spesielt kvinner til å søkje.

Søknadsfrist 15. juli 2022

Kontaktperson for meir opplysningar,styreleiar i VHPK, Johnny Skjerping , Mobil 90746103

Søknad sendast til : [stillingar@vosshpk.no](mailto:stillingar@vosshpk.no)